




搵個老男人做老公

Ein gammal mann som kjærast

 Aranya

 Sunniva Høiby-Øiset

 Stephanie Hung


 5

 粵語 yue / nynorsk nn

我本來以為挪威嘅男人係世界上最好嘅男人，但原來唔係噃。喺我遇到嗰個做我老公嘅男人之前，我喺曼谷嘅一間工廠度做嘢，佢就住喺芭堤雅。我哋喺網上面識嘅，之後仲一齊拍拖添。

...

Eg trudde norske menn var dei beste mennene i verda, men det stemmer ikkje! Før eg møtte han som skulle bli ektemannen min, jobba eg på ein fabrikk i Bangkok, medan han budde i Pattaya. Vi vart kjente gjennom Internett og vart etter kvart saman.



隔咗一段時間我哋就決定咗要結婚。我嚟自一個好窮嘅屋企，所以有一個可以照顧我屋企人嘅外國老公都係我嫁俾佢嘅原因之一。

...

Etter ei stund bestemte vi oss for å gifte oss. Eg kom frå ein fattig familie, så det å ha ein utanlandsk ektemann som kunne forsørge familien min, var ein del av grunnen til at eg gifta meg med han.

我哋搬咗去挪威，之後我開始返學去學挪威文。嗰陣時真係好辛苦。我有車牌，所以我老公要揸車車我返學，等我放學，再揸返去。單程都要用一個鐘。過咗一陣，我哋搬得近咗學校，但佢都堅持揸車送我返學。佢唔想我自己一個人行返去。


...

Vi flytta til Noreg, og eg byrja å gå på skule for å lære norsk. Det var vanskelege tider. Eg hadde ikkje førarkort, og mannen min var nøydd til å køyre meg til skulen, vente på meg og køyre meg tilbake. Det tok éin time kvar veg. Etter ei stund flytta vi nærare, men likevel insisterte han på å køyre meg til skulen. Han ville ikkje at eg skulle gå åleine.

自從我嚟到挪威之後，我幾乎咩錢都冇。有一次，我老公俾咗飯錢我，但因為我有乜錢，所以我就留住咗。我學校嘅朋友想幫我搵工，但我老公話唔準。佢覺得做清潔工唔啱我。

...

Eg har nesten ikkje hatt pengar sidan eg kom til Noreg. Éin gong gav han meg pengar til lunsj, men sidan eg hadde så lite pengar, behaldt eg dei. Vennene mine på skulen vil hjelpe meg med å skaffe meg ein jobb, men mannen min seier at eg ikkje kan det. Han synest ikkje jobben som reinhaldar passar for meg.



相反，佢安排咗另一份起車房嘅工俾我。佢係老細但其他嘢都係我做。因為佢病咗，所以佢做唔到太多嘢。佢冇俾到任何起車房賺到嘅錢我。

...

I staden hadde han ein annan jobb for meg – å bygge ein garasje. Han var sjefen og eg gjorde alt. Han kunne ikkje gjere så mykje fordi han var sjuk. Han gav meg ingen av pengane han tente frå å bygge garasjen.

有一日佢話佢一個人喺屋企好無聊，所以佢決定我哋應該要養隻狗。我因為放學之後好癩，同埋仲要做功課添，所以唔想養狗。佢話佢每日都會去放狗，但最後都係我去照顧隻狗同埋我老年嘅老公。

...

Ein dag sa han til meg at han kjeda seg når han var åleine heime, så han bestemte seg for at vi skulle skaffe oss ein hund. Eg ville ikkje ha ein hund sidan eg var sliten etter skulen og hadde lekser. Han sa at han skulle gå tur med hunden kvar dag, men til slutt måtte eg passe både hunden og den gamle mannen min.

我唔知之後會發生咩事。我打算去讀另一間學校，但我老公唔想我噉做。佢打算搬去再遠啲嘅地方嚟為難我。我想反抗，但係我唔知應該點樣反抗。喺第二個國家同搵一個老男人做老公嘅生活冇我想像中咁易。

...

Eg veit ikkje kva framtida vil bringe. Planen min er å byrje på ein annan skule, men mannen min vil ikkje at eg skal gjere det. Han planlegg å flytte lengre vekk for å gjere det vanskeleg for meg. Eg vil gjere motstand, men eg veit ikkje korleis. Det er ikkje så lett å bu i utlandet med ein gammal mann slik eg ein gong såg for meg.




LIDA Stories

lidastories.net

搵個老男人做老公

Ein gammal mann som kjærast

 Aranya

 Sunniva Høiby-Øiset

 Stephanie Hung (yue), Espen Stranger-Johannessen (nn)

